

– Kan bli like stort som lakseoppdrett

EKSPERTINTERVJUET

– **Kva bruksområde finst for tare?**

– Vi konsentrerer oss om tre felt, mat, gjødsel og bioenergi. Vårt syn er at potensialet er størst for bioenergi, men



NAMN: Aleksander Handå

STILLING: Forskingsleiar SINTEF Fiskeri og havbruk AS

TEMA: Dyrking av tare

at taren også må nyttast i fleire produkt for at det skal løne seg. Vi ser også at ein del jobbar for å dyrke tare til bruk i mat, både til menneske og i dyrefôr. I tråd med at folk et meir sushi, aukar etterspurnaden etter tare.

– **Kvifor bioenergi?**

– Det vi snakkar om då er først og fremst

sukkertare, ein vanleg art langs norskekysten. Sukkerstoffet kan nyttast til å lage eksempelvis biogass eller bioetanol, noko Statoil no ser nærare på. Fordelen med å bruke tare er at vi kan spare jord på land som då kan brukast i tradisjonell matproduksjon. I tillegg er tare eit reint naturprodukt som, dersom dyrkinga skjer ved oppdrettsanlegg, kan gjere seg nytte av næringsstoffa frå anlegga.

– **Korleis?**

– Fisk skil ut urin, og i urin er det nitrogen. Rundt eit matfiskanlegg vil konsentrasjonane av nitrogen vere høge fordi det står så mykje fisk der. Tang og tare treng nitrogen for å vekse. Vi snakkar med andre ord om ein vinn-vinn-situasjon. Taren veks fortare fordi det er mykje næring i vatnet, men reinsar også sjøvatnet for nitrogen. Dyrking av desse artane kan vere med på å redusere risikoen for overgjødsling i fjordar og nære kystområde. Dersom vi også får på plass gode system for å fjerne faste avfallsstoff frå oppdrettsanlegga, kan det i neste omgang gje rom for å auke kapasiteten for tradisjonell akvakultur.

– **Kor stor er viljen til å satse?**

– I det siste har interessa auka veldig, både frå styremakter og bedrifter. Vi snakkar også om store aktørar som no engasjerer seg, mellom dei Lerøy og Salmon Group. SINTEF har alt gjort prosjekt for Norges forskningsråd, og testprosjekt er i gang fleire stader. I SINTEF samarbeider vi med Havforskningsinstituttet og NTNU i prosjektet «Exploit» som forskar på dyrke fram tare og skjel integrert med lakseoppdrett. Vi skal setje ut treplanter ved Florø no i februar.

– **Kor stort kan tare dyrking bli?**

– Det er tidleg å svare på. Men med rett teknologi og ein av verdas lengste kystlinjer, er det freistande å seie at dyrking av tang, tare og skjel kan bli like stort som dagens norske lakseproduksjon, altså vel ein million tonn eller meir i året. Vi har tru på at dette kan bli ei stor og viktig næring.

– **Ikkje noko tre veks inn i himmelen, kva er minussida?**

– Tare dyrking i stor skala vil bli arealkrevjande, og det er lett å sjå at her kan vere grobotn for konflikter med annan bruk av kysten. Storskala tareproduksjon kan skje langt til havs der vi i dag har store ledige areal. Men det står att mykje forskings- og utviklingsarbeid att før vi er ved målet.

TERJE ULVEDAL



kyststriper har Norge naturgjevne føresetnader for å bli ein stor tarenasjon.



SET UT TARE FOR HAND: Job Schipper, Anne Kristine Dyrdal og Alexander Ebbing set ut tare for hand. Linene med babytare blir lagt vassrett i sjøen nokre centimeter under det to store taustrekka. Taren utnyttar nærings salt i sjøen og veks nedover. Startare kan vekse to meter på 4–6 månader.



TAREUNGAR: Brun babytaren, dyrka fram i eit klekkeri i Ytre Solund, blir tvinna rundt linene. Om eit halvt år skal dette vere haustingsklar fingerfare.

vil dei også starte arbeide med å utvikle ein teknologi for å plante og hauste.

– I dag gjer vi dette manuelt. Skal dette bli ei stor næring må vi utvikle maskiner som plantar og haustar. Eg er overtydd om at vi skal greie det, og då vil vi også gjere pengar på det. Berekraftige løysingar må vere økonomiske, seier Schipper.

å få drive oppdrett på ein lokalitet i Rørdalsfjorden i Ytre Solund. Her har Hortimare søkt om eit årleg produksjonsvolum på 12 tonn.

Søknaden er no til handsaming i Fiskeri- og kystdepartementet.

Aktørane bak utviklingsprosjektet ved Sulefisk ven-

tar no på eit regelverk som opnar for integrert drift mellom lakseoppdrett og tare dyrking. Først då kan dei prøve det ut i stor skala. Då